



NORSK LOVTIDEND

Avd. II Regionale og lokale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 28. januar 2025 kl. 14.40

PDF-versjon 28. januar 2025

23.01.2025 nr. 84

Forskrift om skulereglar for grunnskulane, Stad kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Stad kommunestyre 23. januar 2025, sak 25/010, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

§ 1. Føremål

Skulereglane skal ivareta den enkelte elev sine rettigheter og plikter i tillegg til det som er fastsett elles i lov, og gje elevane føreseielege og trygge rammer å halde seg til. Skulane skal samarbeide med elevar og føresette i arbeidet med skulereglane.

Forskrifta synleggjer organiseringa av skuledemokratiet for kommunale grunnskular i Stad kommune, med dei råd og organ ved skulen som har rett til å uttale seg og komme med innspel i saker som gjeld skulen.

§ 2. Verkeområde

Organiseringa av skuledemokratiet og skulereglane omfattar alle kommunale grunnskular i Stad kommune.

Skulereglane gjeld når skulen har ansvaret for elevane i både fysiske og digitale rom, uteareal, samt når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, t.d. på alternativ læringsarena, leirskule, skuleturar og ekskursjonar i skulen sin regi.

Så langt reglane passar gjeld dei også på skulevegen og under arrangement i skulane sin regi utanfor skuletida. Skulereglane kan også gjelde forhold utanfor skulen sitt område og skuletid, dersom det aktuelle forholdet har sterk nok tilknytning til skulen og skulemiljøet, eller får innverknad på elevane sin skulekvardag. Brot på reglane skal handterast i samarbeid med føresette, når skulen blir gjort kjent med saka.

Skulereglane i Stad kommune inkluderer også tida elevane er på SFO og leksehjelp.

Den enkelte skule kan utarbeide særreglar tilpassa lokale forhold som presiserer reglane i forskrift om skulereglar for grunnskulane i Stad. Særreglane skal sikre at skulen har rutinar for å ta vare på eit godt læringsmiljø og elevane sitt psykososiale skulemiljø. Samarbeidsutvalet ved skulen fastset lokale særreglar etter medverknad frå elevar, føresette og tilsette.

§ 3. Åtferd

Elevane skal vise omsyn og respekt for andre.

God åtferd:

- a. elevane snakkar med kvarandre på ein positiv og fin måte
- b. elevane har arbeidsro i timane
- c. elevane viser respekt for skulen og andre sine eigendelar
- d. mobiltelefon / anna kommunikasjonsutstyr vert brukt i tråd med skulen sine reglar for mobiltelefon og anna kommunikasjonsutstyr, og er avslått og skal oppbevarast på tilvist plass i skuletida
- e. mobiltelefon kan brukast i undervisninga når det er gjort spesiell avtale med lærar
- f. elevane er på skulen sitt område i skuletida når ikkje anna er avtalt med lærar
- g. elevane følgjer skulen sine særreglar.

Åtferd som ikkje vert akseptert:

- a. fusk, plagiat eller forsøk på dette
- b. mobbing eller på andre måtar krenke andre fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt
- c. banning, respektlaus ordbruk
- d. bruk av plagg som heilt eller delvis dekker ansiktet
- e. oppbevaring eller bruk av tobakk, snus, rusmiddel, vape/e-sigarettar
- f. å ete snop eller drikke brus/energidrikk i skuletida. Ved spesielle arrangement kan ein etter avtale ta med snop og brus/energidrikk
- g. å ta med farlege gjenstandar på skulen sitt område.

§ 4. Orden

Elevane er punktlege og førebudde og følgjer opp skulearbeidet. Det inneber at dei:

- a. møter presis til timar og undervisning
- b. held fristar og gjere arbeidet så godt ein kan og til rett tid
- c. har med nødvendig skuleutstyr
- d. leverer melding/søknad ved fråvær.

§ 5. Tiltak ved brot på skulereglane

Brot på skulereglane vil få følgjer, avhengig av alvorsgrad.

- a. samtale med tilsett, tilsnakk, beskjed om å korrigere åtferd
- b. skjerming/bortvising frå aktivitet
- c. tilvising til eit bestemt område
- d. tap av godar ei avgrensa periode
- e. bortvising frå undervisningsrom
- f. merknad for elevar i ungdomsskulen
- g. samtale, informasjon og ev. møte med føresette
- h. samtale med leiing/rektor
- i. forsøpling eller tilgrising vil medføre at ein må vaske/rydde opp
- j. bruk av mobiltelefon eller anna kommunikasjonsutstyr utan løyve vil medføre inndraging av telefonen, og føresette vert varsla
- k. ved skadeverk på skulen sin eigedom må elev og/eller føresette pårekne å verte erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell – skadeserstatningsloven

- l. hendingar og skadeverk som gjeld straffelova vil bli meldt til politiet.
- m. på ungdomstrinnet kan karakter i orden eller åtferd verte sett ned
- n. ved særskilte alvorlege brot på skulen sine reglar, kan eleven bli utvist:
 - barnetrinn: enkelttimar eller ut dagen
 - ungdomstrinn: opp til tre dagar
 - heimsending/bortvising frå skuletur og leirskule
- o. elevar kan flyttast til ein annan skule dersom oppførselen til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar – opplæringslova § 13-2.

Skulen skal sørge for at avgjerd vert teke på eit forsvarleg grunnlag – forvaltningslova § 17. Eleven skal ha fått høve til å forklare seg munnleg for den/dei som tek avgjerda. Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege. Føresette til elevar skal varslast før det vert sett i verk bortvising for resten av skuledagen.

§ 6. Vurdering av orden og åtferd

Vurdering i orden og åtferd skal gjerast på bakgrunn av skulereglane. I vurderinga av orden og åtferd skal skulen ta omsyn til dei føresetnadane eleven har, og til at elevane får ulik støtte og hjelp i heim og nærmiljø. Det skal til vanleg ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar, unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Gjentekne brot på ordensreglar kan føre til nedsett karakter i orden og/eller åtferd. Ved ev. fare for nedsett ordens- eller åtferdskarakter skal eleven og føresette varslast på førehand.

Når skulen vurderer orden, tek ein omsyn til skulereglane med spesiell vekt på

- a. i kva grad eleven opptrer i tråd med skulereglane, kjem tidsnok til timar, er førebudd til opplæringa og har med nødvendige læremiddel og utstyr, tek godt vare på alt som høyrer skulen til, både inne og ute, steller pent med skulebøker og anna undervisningsmateriell, leverer arbeid til rett tid og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er
- b. udokumentert fråvær på ungdomstrinnet kan føre til nedsett karakter i anten orden eller åtferd.

Når skulen vurderer åtferd, tek ein omsyn til ordensreglane med spesiell vekt på

- a. korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa t.d. i timane, friminutta, på skulevegen og arrangement i skulen sin regi som turar m.m.
- b. at eleven viser omsyn og respekt for andre
- c. andre forhold som skal takast med i vurderinga er om eleven har vore involvert i løgn, tjuveri, hærverk, fusk eller forsøk på fusk på prøver
- d. udokumentert fråvær på ungdomstrinnet kan føre til nedsett karakter i anten orden eller åtferd.

§ 7. Organisering av skuledemokratiet

Skulen skal legge til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og for at elevar og foreldre får vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skulen. Dette skjer gjennom klasseråd, elevråd, ungdomsråd (på kommunenivå), foreldreråd, foreldra sitt arbeidsutval og samarbeidsutval ved den enkelte grunnskule.

§ 8. Iverksetjing

Denne forskrift trer i kraft når den er kunngjort.